



Halvor Nordbø
Vråvegen 21
3853 Vrådal

Melding om vedtak

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2022/1241-4	Sveinung Seljås,35 04 84 30 sveinung.seljas@nissedal.kommune.no	L13	24.08.2022

K - 13/3 - Reguleringsplan Fiskebekk-Straumen - Avklaring av KU-krav- Særutskrift

Vedlagt følger melding om vedtak i formannskapssak 080/22.

Eit dispensasjonsvedtak er gyldig i tre år, og fell bort om det ikkje er nytta innan denne tidsfristen, jf. pbl § 21-9.

(Vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen sitt utløp.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket. Vis til vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnar du har for klaga. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, må du også opplyse om når denne meldinga kom fram.)

Med helsing

Sveinung Seljås
-plansjef

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi til:
AT-skog v/Mona Gundersen

3870 FYRESDAL



SAKSFRAMLEGG

K - 13/3 - Reguleringsplan Fiskebekk-Straumen - Avklaring av KU-krav

Utval	Møtedato	Utvallsak
Formannskapet	18.08.2022	80/22

Saksframlegg godkjent av kommunedirektør, Laila Thorsen 11.08.2022.

Vedlegg

- 1 K - 13-3 - Referat førehandskonferanse
- 2 K - 13-3 - Brev om avklaring av KU-krav
- 3 K - 13-3 - Forslag plangrense m.m.

Faktiske tilhøve

Grunneigar av g/bnr. 13/3, Halvor Nordbø, har ønske om ei omregulering av reguleringsplanen Straumen II. Omreguleringa vil gå ut på å utvide byggeområda innom planen. I tillegg vil sjøve planområdet også bli noko utvida, inn i det som er LNFR-areal i kommuneplanen. Heile planområdet blir på ca. 300 dekar. Utvida byggeområde vil derimot ikkje utgjere meir enn ca. 20-25 dekar.

Kommunen hadde 19.05. ein førehandskonferanse med utbyggjar/grunneigar og planansvarleg. Dei planlagde endringane er ikkje avklara i overordna plan (kommuneplanen). Det kan då, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar, bli stilt krav om slik utgreiing dersom planen/planendringa kan få vesentleg verknad for miljø eller samfunn. I førehandskonferansen blei det bestemt at spørsmålet om krav til konsekvensutgreiing skulle avklarast politisk.

Forslagsstillar har i brevet av 14.06. gått gjennom tematikken og grunnlaget for eit eventuelt slikt krav. Konklusjonen er at verken omfanget av planendringa eller dei førehandsfunna/indikatorane som kan utløyse krav om konsekvensutgreiing er til stades.

Vurdering:

Frå forslagsstillar er det gjort ein grundig gjennomgang og vurdering av grunnlaget for eit konsekvensutgreiingskrav. Det er heller ikkje etter kommunedirektørens syn noko i denne vurderinga som er i strid med kjende fakta. Konklusjonen blir derfor at det blir tilrådd å ikkje sette krav om konsekvensutgreiing av planforslaget. Det blir derimot lagt til grun at dokumentet «planomtale» går grundig inn på verknadene planen får lokalt, underbygd av nødvendige nye undersøkingar innom tema som biologisk mangfald og kulturminne.

Eit tilleggsmoment for denne konklusjonen er at området alt i dag er under utbygging. Forslaget blir delvis å sjå på som ei fortetting av areal som om dei ikkje formelt, men som i praksis er i bruk til fritidsføremål. Frå nasjonalt politisk hald er fortetting prioritert framfor utvikling av nye bygge-område.

Kommunedirektøren si tilråding:

Det blir ikkje sett krav om konsekvensutgreiing for verknadene for miljø og samfunn av planforslaget for området Fiskebekk-Straumen, jf. forskrift om konsekvensutredning § 8. Grunngevinga for dette er at omfanget av planlagde nye byggeområde er avgrensa, og at verknadene av dagens bruk av området i stor grad gjer verknadene av vidare utbygging kjent.

Formannskapet si handsaming av sak 80/2022 i møtet den 18.08.2022

Handsaming i Formannskapet 18.08.2022

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet 18.08.2022:

Det blir ikkje sett krav om konsekvensutgreiing for verknadene for miljø og samfunn av planforslaget for området Fiskebekk-Straumen, jf. forskrift om konsekvensutredning § 8. Grunngevinga for dette er at omfanget av planlagde nye byggeområde er avgrensa, og at verknadene av dagens bruk av området i stor grad gjer verknadene av vidare utbygging kjent.